



GEODATAPLAN



SKODJE KOMMUNE

2006-2009



1. GEODATAPLAN FOR SKODJE KOMMUNE

1.1 Visjon:

- Definere og tilpasse produkt og tenester slik at samfunnsnytta blir best mulig.
- Medvirke til at produkt og tenester får rett kvalitet og rett pris
- Medvirke til at tenester blir utført i samsvar med krav i lover, reglement og standarder.

2. Oppgaver og tenester

2.1 Status

Teknisk sjef er administrativ leiar. Avdelinga har 4 ingeniørar: ei stilling innanfor byggforvaltning, ei stilling drift vatn og avløp, ei stilling saksbehandling og utarbeiding av arealplanar, ei stilling saksbehandling dele- og byggesaker, administrasjon av arbeid etter delingslova, GAB-registrering. Utføring av kartforretninger og utarbeidelse av målebrev er sett vekk til privat konsulentfirma. Det same gjeld øvrige landmålingsoppgåver.

Avdelinga sin viktigaste motivasjonsfaktor er å levere eit godt produkt til rett tid med så lave kostnader som mulig. For å få til dette er det viktig å stadig utvikle tenestetilbudet og etablere gode rutiner for ajourhold av grunnlagsdata (kartbaser, eiendomsbaser).

Kommunen er gjennom lovgiving og kommunale vedtak ansvarlig for at følgjande geodataoppgåver blir gjennomført:

Oppgaver som følger av Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (Delingslova)

- Offisiell adressering (adresser/husnummer)
- Kart- og delingsforretninger, grensejusteringer mv.
- Drift av lokalt GAB system og ansvar for ajourhold av eiendoms- og adressedata.
- Geodetisk grunnlag (fastmerkenett)
- Produksjon, vedlikehold og forvaltning av kartdata

Aktuelle geodatapartar:

Statens Vegvesen, region Midt

Statens kartverk, Molde

Møre og Romsdal fylke

Møre og Romsdal fylke, Landbruksavdelingen

Telenor AS

Ørskog Energi AS

2.2 Geodetisk grunnlagsnett

2.2.1 Status

Det geodetiske grunnlaget med nøyaktig koordinatbestemte bolter i fjell og andre faste objekt er grunnlaget for oppmålingsarbeidet.

Skodje kommune sitt grunnlagsnett er i NGO MøreAkse I. Siste nyberekning av trekantpunkt (Statens Kartverk) er utført i 1996. Kommunen sin fastmerkebase består av nemnde

trekantpunkt, og i tillegg ein del fastmerke (polygonpunkt og GPSmålte punkt) som kommunen sjølv har etablert, samt ein del polygonpunkt langs riks- og fylkesveg som er etablert av Statens vegvesen.

Polygonpunkt er ikkje blitt nyberekna etter kvart som Statens kartverk har gjort nye utjamningar av sine trekantpunkt. Avvika er så små at det ikkje har praktisk betydning for eigedomsmålingar. For andre målingar bør det tilstrebast å bruke trekantpunkt eller grunnlagspunkt beregna etter siste utjamning av overordna nett. Det var i 2000-2002 etablert ein del nye kommunale fastmerke som vart målt med statisk GPS med utgangspunkt i landsnettpunkt.

Alt i alt er kommunen godt dekkja med fastmerke for landmåling. Nye målemetodar med utstrakt bruk av sanntids GPS medfører også mindre behov for tette nett av fastmerke. Det viktigaste er å ha gode punkt strategisk plassert i kommunen, og det har Skodje kommune.

Etter kvart vil det komme krav om at kartdata og eiendomsdata skal over i nytt koordinatsystem: EUREF89 / UTM. Dette vil medføre behov for ein del måling i marka (både av fastmerke og grensemerke) for å sikre ein best mulig transformasjon til nytt system. Dette er blitt aktualisert med den nye matrikkelen som skal etablerast i 2008. Statens kartverk har sagt seg villig til å bistå med arbeidsopplegg og beregningar i et slikt prosjekt.

2.2.2. Periodemål

Etablere eit geovekstprosjekt saman med Statens kartverk og andre geovekstpartar om innføring av EUREF – 89.

Berekna total kostnad: kr. 111.600,- derav kommunen sin andel (inkl. eigeninnsats kr. 25.000,-).

2.2.3 Årsmål 2006

Gjennomføre eit forprosjekt for å finne ut kva transformasjonsmetode ein bør velje, finne ut kva som skal transformerast og vurdere oppmålingsfunksjonen etter overgang til EUREF 89.

2.3 Kartdata

2.3.0 Arealoversikt

Totalt areal inkl. sjøareal: 157 km²

Totalt areal fastland og øyer: 120 km²

Ferskvatn: 9 km²

Fastland og øyer u/ferskvatn: 111 km²

Myr: 4 km²

Skog: 84 km²

Kystlinje fastland: 76 km

Kystlinje øyer: 31 km

Kystlinje totalt: 108 km

Antall km² kartlagt digitalt:

FKB-B1: 14

FKB- B2: 96

FKB – B: 110
FKB – C : 8
FKB – D: 2

2.3.1 Kartdata i aktiv bruk, status

Område	Kartl.år	Kvalitet	Datasett	Merknad
Skodje sentrum-Svorta	1993	FKB-B	bygg,veg,høyde,vann	
Valle-Glomset	1994	FKB-B	bygg,veg,høyde,vann	
Stette-Engesetdal	1995	FKB-B	bygg,veg,høyde,vann	
Berget-Grindvika	1996	FKB-B+C	bygg,veg,høyde,vann	
Heile kommunen	1997	ØK	Økonomisk kartverk	
Heile kommunen	ca 2001	varierer	Digitalt eiendomskart (DEK)	
Heile kommunen	før 2003	FKB-C	Digitalt markslag (DMK)	
Heile kommunen	2000-04	kartdig	ledning VA	Aviak+landm
Heile kommunen	2002	Kartdig	Omriiss reg.plan	
Skodjeb, Valle, Glomset	2001-02	kartdig	kommunedelplan	
Heile kommunen			Fastmerker	
Heile kommunen	1998	B (2m)	V-BASE	(Senterlinje veg) ikkje i brukt internt
Heile kommunen	2002		Arealis	lite brukt

Skodje kommune sine kartdata er produsert i perioden 1993 – 1997. Det har etter 1997 vore utført noko vedlikehald og ajourføring av data. Det har vist seg at kvaliteten på data er varierende. Det har vist seg at behovet for ajourføring av data så stort at behovet for fotogrametrisk ajourføring er aktuelt. Dette er særleg aktuelt i Skodje sentrum, Håhjem – Svorta og på Stette. Ein har difor seg opp følgjande mål:

2.3.2 Periodemål

I perioden 2007 – 08 etablere og gjennomføre eit geovekstprosjekt for fotogramertisk ajourhald for delar av kommunen. Total kostnadane er berekna til kr. 572.000,- av dette er Skodje kommune sin andel kr. 296.000,- inkludert eigeninnsats.

I perioden skal det etablerast rutiner for løpande ajourhald av kartdata.

2.3.3 Årsmål 2006

Gi melding til Statens kartverk om behov for geovekstprosjekt angående fotogrametrisk ajourføring og etablering av avtale med Statens kartverk og andre geovekstpartar om forvaltning av kartdata.

2.4 Ortofoto

2.4.1. Status

Digitalt ortofoto er blitt eit nytt geodatasekk som har stor nytteverdi i praktisk bruk saman med digitale kartdata. Ortofoto vert stadig meir brukt i plansamanheng og som verktøy for arealforvaltning innan jordbruket og skogbruket. Det er også eit produkt som er etterspurt av grunneigarar.

2.4.2 Periodemål

Nytte digitale ortofoto til ajourføring av kartdata i dei områder av kommunen som ikkje vert ajourført fotogrametrisk. Kostnad (anslag): 50.000,-

2.4.3 Årsmål 2006

Etablere ortofotoprojekt som eit geovekstprosjekt saman med Statens kartverk og andre partar. Oppstart av projektet mai 2006.

Total kostnad: kr. 207.000,-
Kommunen sin andel (inkl eigeninnsats) kr. 72.000,-.

2.5 Kart- og delingsforretningar.

2.5.1 Status

Arbeidet med kart- og delingsforretningar vert utført av innleid konsulentfirma. Det er ingen restanse. Kommunen har ingen mellombelse forretningar. Antall rekvisisjoner pr år ca. 70.

Det er vedteke i ny lov om eiendomsregistrering som skal tre i kraft 01.01.2007. Denne lova medfører store endringar i måten arbeidet med kart- og delingsarbeidet vert utført. Arbeidet er delt i ein myndigheitsdel og i ein tenestedel. Tenestedelen som består av kart- og delingsforretninga med produksjon av målebrev er blitt "privatisert".

2.5.2 Periodemål

Utarbeide rutiner som sikrer kvaliteten på eigedomsmålingar og produksjon av målebrev

2.5.3 Årsmål 2006

Utarbeide notat om utfordringene kommunen står ovanfor ved innføring av ny lov om eigedomsregistrering.

2.6 Digitale eigedomskartverk (DEK)

2.6.1 Status

Digitalt eigedomskartverk er etablert på grunnlag av informasjon frå eksisterande kjelder. Målebrev, jordskiftekart, kommunale kart, ferdigvegskart og økonomisk kart. Kommunen og Statens kartverk står for etablering av DEK.

I Skodje kommune er det registret 2916 eigedomar i GAB av desse er 1700 registert i DEK. Dette gir ein dekningsgrad i DEK på 58 %.

2.6.2 Periodemål

Arbeide for å auke dekningsgraden i DEK.

2.6.3 Årsmål 2006

Ajourføre DEK med alle nye eigedomar og grenser som er målt i 2005.

2.7 Register for grunneigedomar, adresser og bygningar(GAB)

2.7.1 Status

GAB – systemet skal innehalde dei viktigaste data om grunneigedomar, adresser og bygningar til felles bruk for alle offentlege organ som treng slike data.

For Skodje kommune er det registert 2916 eigedomar og 3762 bygningar over 15 m².

2.7.2 Periodemål

ikkje spesifisert

2.7.3 Årsmål 2006

Utføre vedlikehald av GAB – registeret parallelt med kommunen sin sakshandsaming

Utføre kvalitetsheving av GAB – data basert på kvalitetsrapportar frå Statens kartverk.

2.8 Plassering og beliggenhetskroll

2.8.1 Status

Det blir krevd utstikking av bygg der det er ned mot minimumsavstand til nabo. Det blir også krevd utstikking av regulerte vegar. Ingen rutiner for krav til innsending av data fra ansvarlig søkjar eller ajourføring av kart med data som evt kjem inn med bakgrunn i dette.

2.8.2 Periodemål

Ikkje spesifisert

2.8.3 Årsmål

I dei tilfella det vert sett krav om utstikking, skal det leverast koordinatliste på utsett bygg. For alle andre søknadspliktige tiltak vert det kravd målestokkriktig situasjonsplan. Det skal utførast halvårsvis ajourføring av tiltaksbase på bakgrunn av desse opplysningane.

Ovanstående skal igangsettast frå 01.01. 2006.

2.9 Adresser

2.9.1 Status

Det er gjort en del arbeid med namning av vegar i Skodje sentrum og på Valle. Godkjente namn er meldt til Stadnamnarkivet i Statens kartverk.

Eit prosjekt for tildeling av adresser og registrering i GAB er igangsett i 2005.

I 2005 vart det nedsett eit namneutval som skal kome med framlegg til namn på ein del nye vegar i Skodje sentrum og på Valle – Håhjem

2.7.2 Periodemål

Tildeling av offisiell adresse skal være fullført for Skodjebygda og Valle. Adressebase (kartbase) skal opprettast (med grunnlag i adressepunkt frå GAB-registrering).

2.7.3 Årsmål

Fullføring av påbegynt prosjekt 2006, adressetildeling i Skodje sentrum, og Valle –Håhjem. Kostnad 2006 kr. 200.000,-

Vedtak i kommunestyret på nye vegnamn i Skodje sentrum og Valle – Håhjem.

2.8 Vegdatabase (VBASE)

2.8.1 Status

Vegdatabasen, VBASE, omfattar senterlinje veg etablert og ajourhalde frå ulike kjelder. Vegdata er tilført frå Statens vegvesen sin Vegdatabank for Europa-, Riks- og Fylkesvegar. For skogsbilvegar er data henta frå landbruket sine arkiv.

2.8.1 Periodemål

ikkje spesifisert

2.8.2 Årsmål 2006

Utføre registrering av nye vegar i kommunen (kommunale vegar og private vegar)

2.8 Programvare. Kurs / opplæring

2.8.1 Status

Pr. dags dato er VGinnsyn aktuelt verktøy for innsyn og distribusjon av data, om kort tid vil GIS/line innsyn ta over.

2.8.2 Periodemål


Kobling av kart og registerdata gir store muligheter når det gjeld å tilrettelegge data på ein oversiktlig måte. Alle som har behov skal få tilgang til kart- og registerdata via egen PCskjerm. Oppsett og rapportmuligheter skal tilpassast den enkelte brukar sitt behov i størst mulig grad.

2.8.3 Årsmål

Installere GISline innsyn til alle på teknisk avdeling + infotorg/ekspedisjon.
Ta i bruk og gi opplæring på GISline innsyn så snart som mulig etter at det blir tilgjengelig.
Opplæring skal skje gjennom internt kurs. Tilpasse oppsett for den enkelte brukar.

3 Tillegg til Geodataplanen

3.1 Organisasjonskart hele kommunen:



1. Skodje barneskule + SFO + kulturskule + bibliotek
2. Skodje ungdomsskule
3. Stette skule + SFO + barnehage
4. Valle skule + SFO + barnehage
5. Skodje / Prestemarka barnehage
6. Sosial / barnevern + støttekontakt + fritidstilbod
7. Skodje omsorgssenter
8. Helsesenteret
9. Heimebasert omsorg inkl. omsorgsbustader
10. Prestemarka Produkt
11. Teknisk avd. (komm. teknisk drift, plan- og byggesak, bygg og eigedom)
12. Vaksenopplæring + flyktningkonsulent

3.2 Kontaktpersoner

Avdelingssjef	Frode Helland
Kart- og delingsforretninger	Bent Leite
Måle- og stikningsoppdrag, grunnlagsnett	Bent Leite
Kart- og geodata	Ingunn Stette
Ledningskart og ledningsdata VA	Magnar Kvalvik

4 Økonomi

4.1 Kostnader i geodataplanen knytta opp mot økonomiplanen:

Punkt i planen	oppgåve	2006	2007	2008	2009
2.2	Geodetisk grunnlagsnett		25.000		
2.3	Fotogrametisk ajourføring		148.000	148.000	
2.4	Ortofoto	72.000	50.000		
2.9	Adresser	200.000			